

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leksvik

Emne: Ard og plog

Bygdelag: Leksvik sokn

Oppskr. av: Johan Moan

Gard: Moan

(adresse): Leksvik

G.nr. 8 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eldre bønder som har levd i Leksvik

SVAR

Ard og plog har vori brukt i Leksvik frå langt att i tida. Om arden har vori brukt noko serleg før ein fekk poteta, veit ein ikkje med visse, men det ^{er} høgst sannsynleg. I Leksvik har bruken av arden tvillaust hatt mest å seia i føre hundra-året og dei første 20 åra av dette århundre. Og det var da til potetdykinga han helst vart nytta. Han vart da brukt både til å laga furene under potetsettinga som varen - og til å klyppa opp poteta seinare på sommaren. Når ein hadde riktig gode ardar og stø hestar, kunne ein også molda over poteta når ein sette dei, men dette var meir òrnatak.

Frå kring 1920 tok hestehakka meir og meir over rolla til arden. Og idag fins det neppe ein einaste ard i brukande stand att i bygda.

Dei ardane som vart brukt

her i bygda var anten heimegjorde eller laga av bygdesmedar. Den vanlege typen var ein ard som likna på fig. 5, men dei grinda eller rama likna meir på grinda på fig 8 (plozen). Ljsten eller skjært var som regel jarnskodd, men veltfjölene var gjerne bere av tre og dei kunne ikkje stillast. Siden kunne vera med eller utan ristel - men helst utan. Somme kunne og ha sleperko til regulering av djupna, men dett var meir sjeldint. Slepeskorn vart her kalla mozot.

Etter år 1900 kunne ein også sjå ein og annan arden med bakovergåande styren - som på ei vanleg hestbakke. Men desse ardane var ikkje mange, og dei også er no ute av bruk. Dei skjokene ein har brukt til ard og plog er lause skaklar. Dei blir her kalla "slengtåga-skjoker." ---

Når det gjeld plozen er det godtsom bere ein einaste plogtype som er vort brukt for ein fukk jarn- eller stålplogar. Og det var ein type som likna på fig 8. - men med vidd veltfjöl som på fig. 11. Veltfjöla var anten av tre og jarnfora - eller hilt av jarn. Desse plozane vart alltid laga av bygdesmedar og vart

kalla norskplogar til skilnad frå stålpløgene som før vart kalla engelskplogar.

Treyrket i dei gamle norskplogane var som regel av bjørk. Dei hadde ristel av jarn og slepesko av tre.

Nedskrivaren av dette snudde i 1917 som gutunge 3-4 mål jord med ein slik plog. Og eg kan erinno høgse kor eg hoppa på ein fot, når eg med venstre foten på plogåsen skulle ta til med ei ny fure.

Kring 1924 prata eg med ein eldre bygdesmed frå Frosta, Laurits Vigtil. Han fortalde da at han hadde laga norskploget på dagen, om han så skulle ^{tr}øyket eit av strangene. Ja, om han no var komen noko opp i åra, så kjende han seg enda helleg for å gjera det same.

No dei gamle norskplogane fins det neppe ein einaste att i bygda idag. No er det helst Fournlands. Og så Lien og Kyllingstad.

I overgangstida mellom dei gamle og dei nye norskplogane slang det ein og annan ploget, der åsen var av tre og styrene av jarn. Og så dei såkalla engelskplogane (som neppe var laga i England alltid)

Å seia visst når ein gjikk over til ein ny plogtype er heller

vanskeleg. År 1900 vart her brukt gamle norskplogar side om side med engelskplogane. Sementan er seinare fans enda ein og annan norskplog som vart brukt, og no helst til å snu lausaker eller til å pløya med poteta med i vassonne. I 1925 var truleg den siste gamle norskplogen sett bort for godt.

Og idag rår som sagt dei nye norskplogane gæmman godt som òleim. —

Delane til dei gamle plogane var: is, leisk, veltfjøl, skjar, styre eller handtak, ristel, sleperko og tågø. Ristel heiter restil på leksvikmål. Sleperskon heiter moldfot. Tågøen eller tågøer er det ein fester skaklane til.

Plog heiter plog også her i Leksvik. Men her lyder som tjukk r. Og i ord er som sjølragt tjukk, d er stum i dette ordet.

1439

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING